



LINDÅS KOMMUNE
Lindås ungdomsskule

Lindås ungdomsskule
Besøksadresse: Lindås
Telefon: 5637 5054
Postadr.: 5955 Lindås
lindas.ungdomsskule@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

REFERAT FRÅ MØTE I SKULEMILJØUTVALGET 07.11.18

Til stades:

Anita Langøy- Jørgenvik	forelder, SU/SMU- leiar og nestleiar FAU
Siri Øksnes	forelder, FAU-leiar
Siri Vatile Waage	sekretær v/LUS
Anne Britt Svendsen	Lærer v/ LUS, inspektør og sosiallærer
Markus Wentsel Nordgård	Miljøterapeut v/LUS og elevrådslærer
Emil Frotjold	Elev i 10. elevrådsleiar
Åsne Vakt skjold	Elev i 10. nestleiar i elevrådet
Olav M. Steinsland	Lindås kommune, politisk vald
Henriette Rolland	rektor og nestleiar SU/SMU

Sak 1-18/19

Presentasjon av dei frammøtte og konstituering av SMU

Val av leiar, nestleiar og skrivar:

Leiar: Anita Langøy-Jørgenvik

Nestleiar: Henriette Rolland

Sak 2-18/19

Skriv og meldingar, herunder nytt frå :

FAU: Siri Øksnes orienterte.

FAU arrangerte barnedisko for 1. – 4. klasse i Lindåshallen 26/10. der 9. trinnselevane var involvert.

Eit vellukka arrangement som samla 100 unge og gav kr.10.000,- i kassen til FAU.

FAU vil søke om pengar til skidag.

Skulen: Henriette orienterte

- Tur med Oster for 9.trinn
- Tur med diverse veteranbåtar for 10.trinn og 8.trinn
- 10.trinn har vore på Jotunfjell leirskule
- 8.klasse har hatt bli-kjent-tur til Lyngheisenteret.
- Det har vore forfattarbesøk på skulen, -for alle klassane.
- Lindås og Hundvin Sanitetsforening stod for foredrag for alle med Simen Almås.
- 8. og 9. har hatt nasjonale prøvar

Sak 3-18/19

§9a- skulemiljøet ved Lindås ungdomsskule:

Det er komme fram at det er høge mobbetal ved Lindås ungdomsskule. 20% av elevane på 10.trinn i fjor, seier at dei har blitt mobba eller kjenner/veit om nokon som blir det. Dette talet er det høgaste blant alle skulane i kommunen. Det må lagast ein plan med tiltak.

- **Elevrådet** ved leiar Emil Frotjold og nestleiar Åsne Vakt skjold orienterte om tiltak dei har sett i gang med. Dei gjekk rundt i alle klassane og snakka om «kva er mobbing» og gjennomførte ei skrifteleg undersøking, med namn, der elevane svarta på 5 spørsmål for å prøva å karleggja problemet. Denne undersøkinga vart dessverre ikkje tatt på alvor i alle klassane.
- Elevrådet vil komma med nye ønskje om kva varer som skal vera i kantina.
- Elevane ventar på og gler seg til at aktivitetsrommet skal bli ferdig, - ein plass å væra sosiale i lag. Rommet bør stå ferdig i løpet av hausten/vinteren.
- Skal ha alternativ OD-dag i år pga uenigheter om årets «formål» Nytt «formål» er ikkje bestemt.
- Ønskjer seg spegel på jentedoen.

Lindås kommune v/Olav M Steinsland. Orienterer om flotte nye Knarvik barneskule, litt om kommande nye Alversund skule og framdrita der.

- Kommunestyret har hatt MOT besøk, noko som blei godt motatt.
- Når det gjeld symjeundervisning i skulane, har kommunen v/Kristin Moe, leiar i Oppvekst, gått god for at det ikkje skal stå på transportutgiftene.

Eit anna forslag for å betra skulemiljøet og mobbinga var at alle klassekontaktane kanskje kunne arrangera noko for alle elvane samla eller klassevis.

Sak 4-18/19

Endring av punkt 10 i åtferdsreglementet.

- Mobil i skulen; Det blir diskutert om det skal vera lov å bruka mobiltelefonen i skuletida.
No har elevane lov å bruka mobil i friminuttane og som verktøy i ulike fag.
Det blir diskutert om skulen skal bli heilt mobilfri. Ulike meiningar om dette, både for og imot. Det blir ikkje tatt noko avgjerd i saka før elevane/elevrådet har fått uttala seg.

Prosjekt Betre Læringsmiljø

Det blei bestemt at LUS skulle være med i ei referansegruppe for Prosjekt Betre Læringsmiljø.

Prosjektet skal bidra til å sikra heilskap og system i arbeidet med å skapa gode læringsmiljø, -ei felles plattform mot Alver kommune.

Prosjektgruppa ;

Reidun Elin Johannesen, Meland kommune/skulefagleg seniorrådgjevar

Mette Marei Træland, Meland kommune/ barnehagefagleg rådgjevar

Olaf Michal, Hella Radøy kommune/ kommunalsjef

Jarle Næss, Lindås kommune/HTV

Katrine Hopland, Lindås kommune/ rektor Leiknes skule

Kari Sæle, Lindås kommune/ Rådgjevar oppvekst

Lindås 14.11.18

